

## Bygg sterke regionar med desentraliserte tenester og fagmiljø!

Innan 15.mai legg Vegdirektoratet fram forslag til framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø og kontor i Statens vegvesen. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane forventar at organiseringa bygger på dagens fagmiljø, sikrar oppgåver og funksjonar minst som i dag, og gjev gode, tilgjengelege tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Omorganiseringa i Statens vegvesen kjem som følgje av oppgåveoverføring, effektivisering og digitalisering, der Vegdirektoratet føreslår å gå frå geografiske regionale einingar til nasjonale divisjonar. I tillegg er det forslag om å redusere tal trafikkstasjonar. I Sogn og Fjordane kan dette føre til endra oppgåver og funksjonar ved regionvegkontoret på Leikanger, og for tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde.

Fylkesutvalet er uroa for at prosessane vil føre til nedbygging av viktige fagmiljø og tenestetilbod, og at oppgåver, funksjonar og arbeidsplassar gradvis kan forsvinne ut av regionen. Den framtidige organiseringa av Statens vegvesen må spegle at regjeringa meiner alvor med statleg lokaliseringspolitikk. Den må følgje opp måla i kommune- og regionreforma, med nye oppgåver til sterkare kommunar og regionar.

Regionvegkontoret i Leikanger og tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde, er alle lokaliserte i nye, større kommunar. Nordfjord er i tillegg ein bu- og arbeidsmarknadsregion med høvesmessig få og små statleg forvaltningsmiljø slik at Statens Vegvesen sitt fagmiljø er av særskilt betydning.

Frå 01.01.20 dannar Sogn og Fjordane og Hordaland Vestland fylke. Vestland har i si organisering vedteke at fagområdet Veg og infrastruktur skal leiast frå Leikanger. Ein viktig grunn var samordning med det sterke fagmiljøet ved Statens vegvesens regionvegkontor. Fylkesutvalet minner om at statleg lokalisering skal bidra til styrka samordning mellom stat og nye regionar, og at «de regionale vurderingene av lokalisering av arbeidsplasser i de nye regionene vil tas med i statens beslutningsprosesser for lokalisering av statlige arbeidsplasser»<sup>i</sup>. Fylkesutvalet meiner at dette også må gjelde for omorganiseringa av Statens vegvesen.

Tilgjengelege offentlege tenester og attraktive arbeidsmarknader er føresetnader for vekstkraftig næringsliv og gode lokalsamfunn over heile landet. Nasjonale oppgåver og funksjonar kan godt lokaliserast og styrast utanfor dei største byane, dokumentert til dømes med Difi, NAV økonomitenester, fylkesmennesenes fellesadministrasjon på Leikanger, og Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde.

Region Vest er den tyngste veg-regionen i landet, med dei største utbyggingsprosjekta og spisskompetanse på fjernleiing, strategisk prosjektstyring, rassikring, bruer og tunnelar. Region Vest blir leia frå Leikanger, med fagmiljø i alle deler av regionen. Fylkesutvalet meiner at det ligg godt til rette for å bygge vidare på desse fagmiljøa, i ein framtidig divisjonsmodell, og med ei divisjonsleiing lokalisert til Leikanger og Sogn og Fjordane.

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

Samferdselsdepartementet Postboks 8010 DEP 0030 OSLO

Kommunal- og Moderniserings- Departementet Postboks 8112 DEP 0032 OSLO

---

<sup>i</sup> Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser. Vedlegg til Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt